



Samir Valdersnes
Havnevegen 42 A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1057 - 15/8180

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
23.04.2015

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Fasadeendring carport på gbnr 23/450.

Administrativt vedtak. Saknr: 125/2015

Tiltakshavar: Samir Valdersnes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING

Det vert vist til søknad motteke 13.04.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld fasadeendring carport – montering av garasjeport – på gbnr 23/450.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Markavegen – planid 125620040513 - regulert til konsentrert småhus.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 07.04.2014 og det ligg føre samtykke til tiltaket d. 18.03.2015 frå Markavegen borettslag. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 09.04.2015. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til fasadeendring carport – montering av garasjeport - på gbnr. 23/450 i samsvar med søknad motteke 13.04.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 04.04.2015

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

23-450

23-450 teikning - kart

Mottakere:

Samir Valdersnes

Havnevegen 42 A 5918

FREKHAUG